
Fra: Silje Namtvedt <siljenamtvedt@hotmail.com>
Sendt: 19. september 2016 22:41
Til: Postmottak Radøy
Emne: Spørsmål til spørjetimen "Attgroing"

Spørsmål til spørjetimen Radøy kommunestyre 21. september 2016.

Korleis kan vi hindra at "den grønne øya" gror att?

I løpet av dei siste fem åra er det mange skogeigarar som har fått andre til å ta ned skog for seg. Skogplantinga frå 50- og 60-talet gjev frukter. Det er veldig bra at hogstmoden skog vert teken. Mange stader har vi, bokstavig tala, fått ein lysare kvardag. Eg har lese utdrag frå Skogloven, og prøvar å finna ut kva føringar som ligg til grunn for å forhindra det som er i ferd med å skje mange stader på øya vår. Dei første åra etter at trea er tekne, er det ope landskap. Ikkje særleg fint etter at skogsmaskinene har herja i all slags føre, men landskapet opnar seg. Etter det kjem geitramsen. Den er vakker, og gjev helsebringande effekt om ein haustar av blomen og lagar saft etc. Dette varar ikkje lenge. Etter det kjem lauvskogen, og den er mykje verre enn grana. Då vert det heilt uframkommeleg på stader det før har vore gode stiar.

Korleis vil Radøy kommune følgja opp, og hjelpa skogeigarane, slik at skogteigane ikkje gror att? Jfr. paragraf 6 i Skoglova.

Helsing Silje Namtvedt Radøy Sp

P.s. Eg har sjølv meldt forfall, men andre i gruppa vil lesa opp spørsmålet.